



# Høringsuttalar til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036

14.02.2025

| JP | Uttale                                                                                                                                                                                                                | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|----|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 21 | <b>Per Odd Berge</b>                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 1  | Forslag til tilleggspunkt under målsettinga <b>I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet:</b><br>Opprette kontaktperson for digital opplæring og opprette hjelp dei som ikkje er digitale.                    | Prioritering E under gitt målsetting seier at kommunen skal legge til rette for hjelp til kvardagsmestring. Innspelet er å rekne som eit tiltak, og bør bli vurdert tatt med i arbeidet med økonomi- og handlingsplanen for 2026-2029.                                                                       | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 22 | <b>Direktoratet for mineralforvaltning</b>                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 1  | Kommunen har lagt opp til at det skal kunne utarbeidast nye føringar og vidare utvikling for mineralske ressursar og område for råstoffutvinning i arealdelen, som er i tråd med nasjonale forventningar.             | Uttala tas til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 23 | <b>Reiårsvatn velforeining</b>                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 1  | Ingen kommentar til høyringa av samfunnsdelen.                                                                                                                                                                        | Uttala tas til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 24 | <b>Nei til vindkraft i Setesdal</b>                                                                                                                                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 1  | Ber om at Høgre sitt forslag ved politisk vedtak om høyring av planen: «Det skal ikkje bli etablert vindkraftverk eller bli sett av areal til dette i Bygland kommune» blir tatt med i planen.                        | Dette er ei politisk vurdering.                                                                                                                                                                                                                                                                              | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 25 | <b>Statsforvaltaren i Agder</b>                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 1  | Ser svært positivt på målsettinga om auka interkommunalt arbeid for å sikre tenestetilbodet.                                                                                                                          | Uttala tas til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 2  | Samfunnstryggleik og beredskap i vid forstand bør få ein større plass i planen. Dette omfattar også tilpassing til eit endra klima, og eventuelt i tillegg til eit gjennomgåande mål om å redusere klimagassutsleppa. | Planen har stort fokus på hovudsatsingar for kommunen, og har derfor ikkje like stor vekt på alle utfordringar som kommunen står over for. Samfunnstryggleik og beredskap er eit kontinuerleg og viktig arbeid. Vi tar innspelet til etterretning og gir det meir plass under dei langsiktige målsettingane. | Nytt avsnitt under <b>Eit ønska framtidsbilde:</b><br>Gjennom kontinuerleg fokus på samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga, sikrar vi samfunnet og innbyggjarane med omsyn til utfordringar knytt til klima, kritisk infrastruktur, kommunikasjon, terror, ulykker og pandemiar i samarbeid med lokale, regionale og statlege organ. |

| JP | Uttale                                                                                                                                                                  | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Endring i plandokumentet |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------|
|    |                                                                                                                                                                         | Med omsyn til reduksjon av klimagassutslepp, så står det under overskrifta <b>Berekraftig utvikling</b> at kommunen skal ta sin del av ansvaret og jobbe for gode løysingar lokalt for å bidra til å nå måla globalt.                                                                                                                                                                                        |                          |
| 3  | Vurderer at strategiane og måla knytt til folkehelse er gode, og heng godt saman med mange av kommunen sine utfordringar.                                               | Uttala tas til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ingen                    |
| 4  | Syner til barn og unge sitt manglande kollektivtilbod til aktivitetar, og spelar inn at meir målretta tiltak mot barn og unge sine aktivitetar kanskje kan bli vurdert. | Dei målretta tiltaka er plassert i kommuneplanen sin handlingsdel. Det er tiltak i gjeldande handlingsdel som er retta mot barn og unge sine moglegheiter til å delta på aktivitetar. Eksempelvis etablering av g/s-veg og revidering av trafikksikringsplan. I budsjettet for 2025 er det i tillegg sett av middel til innkjøp av fleirbruksbil til transport til mellom anna aktivitetar for barn og unge. | Ingen                    |
| 5  | Implementere viktige føringar frå den generelle delen av dei statlege planretningslinene for areal og mobilitet (vedtatt 20.12.24).                                     | Kommunen er pålagt å ta omsyn til statlege planretningslinjer. Planen omtalar mykje av tematikken i dei generelle retningslinene, og det er gjort vurderingar basert på lokale utfordringar og moglegheiter.                                                                                                                                                                                                 | Ingen                    |
| 6  | Arealstrategien gir signal om god balanse mellom bygging i sentrum og meir spreidd, der kommunen ønskjer å bygge opp om dei eksisterande strukturane.                   | Uttala tas til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ingen                    |
| 7  | Oppfordring om å innføre nullvisjon for nedbygging av dyrka mark.                                                                                                       | Punkt 8 i Arealstrategien seier at <i>det skal leggjast til grunn at nye byggeområde ikkje skal leggjast på dyrka mark</i> . I nokre tilfelle kan eit heilskapleg bilde på miljø, stad- og næringsutvikling og jordbruksnæringa vere hensiktsmessig i vurdering av bruk av areal.                                                                                                                            | Ingen                    |

| JP | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
|----|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 8  | Saknar synleggjering av Bygland som stor utmarkskommune med nasjonalt villreinområde både i planen generelt og i arealstrategien spesielt.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Statlege og regionale føringar sikrar villreinområda, og kommunen er positiv til ei heilskapleg arealforvaltning i villreinfeltet. Punkt 5 i arealstrategien seier at framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje innanfor regulerte område eller i inngrepsnær natur i heieområda, eller langs Byglandsfjorden.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 9  | Viktig å sjå den samla belastninga hyttebygging vil gi i fjellområda. To punkt i arealstrategien kan justerast eller endrast for å ta i vare urørt natur og hindre auka belastning og ferdsel i sårbare område. Det gjeld desse punkta: <ul style="list-style-type: none"> <li><i>Framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje innanfor regulerte område i heieområda eller langs Byglandsfjorden.</i></li> <li><i>Etablering av enkeltståande lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep, kan bli vurdert i LNF-område som ligg mindre enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep (inngrepsnær natur).</i></li> </ul> | Planen legg opp til at framtidig hyttebygging skal skje i allereie regulerte område og i nærleiken av eksisterande infrastruktur. Det er viktig å vere bevisst på at påverknaden på eit område er større enn sjølve bygginga. Ved å utnytte allereie etablert infrastruktur avgrensar ein utbygging i urørt natur. Enkeltståande lågstandard hytter vil ha mindre avtrykk i naturen, men vil medføre auka ferdsel i heia både med snøskuter og til fots. Noko som påverkar naturmiljøet og jaktområda. Det er viktig ta dette med i vurderinga. Målet med punkt 5 og 6 i arealstrategien er nettopp å ta i vare urørt natur og sårbare område. | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 26 | NVE                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 1  | Positivt at samfunnssikkerheit, klimaendringar og energi er omtala i planen, men saknar omtale av vassdrag og vassdragsmiljø, og særleg verna vassdrag.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Under overskrifta <b>Berekraftig utvikling</b> er miljø og klima ein av tre dimensjonar. Vi skal ta vare på naturen og klimaet som ein fornybar ressurs. I dette ligg ivaretaking av økosystema. I tillegg er det lagt til eit avsnitt under overskrifta <b>Eit ønska framtidsbilde</b> om fokus på samfunnstryggleik og beredskap.                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Nytt avsnitt under <b>Eit ønska framtidsbilde</b> : Gjennom kontinuerleg fokus på samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga, sikrar vi samfunnet og innbyggjarane med omsyn til utfordringar knytt til klima, kritisk infrastruktur, kommunikasjon, terror, ulykker og pandemiar i samarbeid med lokale, regionale og statlege organ. |
| 27 | Statens vegvesen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 1  | Ingen vesentlege merknadar til planforslaget.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Uttala tas til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |

| JP | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 28 | Bygland kommune, v. kontaktperson for CRPD (FN konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| 1  | <p>Ivaretaking av menneskerettane for personar med funksjonsnedsetting skal vere synleg i mellom anna kommuneplanen. Dei åtte prinsippa i CRPD bør vere gjennomgåande i kommunen sine planar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ibuande sjølvråderett og verdigheit</li> <li>2. Ikkje-diskriminering</li> <li>3. Deltaking og inkludering</li> <li>4. Respekt for skilnadar</li> <li>5. Like mogelegheiter</li> <li>6. Tilgjengelegheit</li> <li>7. Likestilling mellom kjønna</li> <li>8. Respekt for utviklingsmoglegheitene og identiteten til barn</li> </ol> | <p><b>Berekraftig utvikling</b> er eit overordna tema for heile planen. Dimensjonen sosiale forhold handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv.</p> <p><b>Satsingsområde 1 Eit attraktivt og robust samfunn</b> seier at skal førebygge utanforskap gjennom blant anna å legge til rette for bustader etter behov, å tilpasse hjelpa til barn og familiar sine behov og legge til rette for aktivitet på tvers av funksjonsnivå.</p> <p><b>Satsingsområde 3 Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida</b> seier at vi prioriterer eit inkluderande arbeidsliv med fokus på deltaking og mangfald.</p> <p>Dette er målsettingar som er med på å ta i vare menneskerettane til personar med funksjonsnedsetting, men dette er likevel vurdert som positivt å styrke fokuset på dette i planen.</p> <p>Det bør i tillegg bli vurdert å implementere dei tre berekraftsdimensjonane miljø og klima, økonomi og sosiale forhold i malen for saksframlegg.</p> | <p>Nytt punkt F under målsettinga <b>I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet:</b></p> <p>Å vere eit ope og inkluderande samfunn gjennom å førebygge utanforskap, og legge til rette for at alle kan delta i fellesskapet.</p>                                                                                                                        |
| 29 | Mattilsynet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| 1  | <p>Planen bør innehalde ein arealstrategi som er førande for omsynet til drikkevatn.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | <p>Det er lagt til eit avsnitt under overskrifta <b>Eit ønska framtidsbilde</b> om fokus på samfunnstryggleik og beredskap. Det inkluderer ivaretaking av kritisk infrastruktur som inkluderer drikkevatn.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | <p>Nytt avsnitt under <b>Eit ønska framtidsbilde:</b></p> <p>Gjennom continuerleg fokus på samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga, sikrar vi samfunnet og innbyggjarane med omsyn til utfordringar knytt til klima, kritisk infrastruktur, kommunikasjon, terror, ulykker og pandemiar i samarbeid med lokale, regionale og statlege organ.</p> |

| JP | Uttale                                                                                                                                                 | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                        | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 2  | Kommunen må sette seg mål for å sikre trygt og nok drikkevatn til alle i tråd med drikkevassforskrifta og nasjonale forventningar.                     | Det er behov for å sikre drikkevasskjeldene i kommunen. Det er lagt til ei ny målsetting <b>Bygland kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet</b> under satsingsområde 3 der sikring av trygt og nok drikkevatn inngår.                | Ny målsetting under satsingsområde 3 <b>Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida:</b><br>Bygland kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet<br>DERFOR PRIORITERER VI:<br>A. Å sikre trygt og nok drikkevatn til innbyggjarane.<br>B. Å forbetre og utvide VA-leidningsnettet for å redusere driftsutgiftene og legge til rette for framtidsretta utvikling.<br>C. Stadutvikling basert på kvalitet, nærleik og tilgjengelegheit.<br>I tillegg er <b>berekraftsmål 6 Reint vatn og gode sanitærforhold</b> lagt til. |
| 3  | Drikkevatn er kritisk infrastruktur, og behovet for forbetring og utviding av VA-systemet bør bli omtala i planen.                                     | Kommunen har ein relativt ny overordna VA-plan som krev oppfølging. Det er lagt til ei ny målsetting <b>Bygland kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet</b> under satsingsområde 3 der forbetring og utviding av VA-systemet inngår. | Ny målsetting under satsingsområde 3 <b>Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida:</b><br>Bygland kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet<br>DERFOR PRIORITERER VI:<br>A. Å sikre trygt og nok drikkevatn til innbyggjarane.<br>B. Å forbetre og utvide VA-leidningsnettet for å redusere driftsutgiftene og legge til rette for framtidsretta utvikling.<br>C. Stadutvikling basert på kvalitet, nærleik og tilgjengelegheit.<br>I tillegg er <b>berekraftsmål 6 Reint vatn og gode sanitærforhold</b> lagt til. |
| 4  | Det må vere klare retningslinjer i arealstrategien for korleis spreidd busetting og fritidsbustader skal bli tatt i vare med trygt og godt drikkevatn. | Arealstrategien gir føringar for plan- og byggesaksbehandlinga. Godt drikkevatn og VA-løysingar er viktig for spreidd busetting og fritidsbustader.                                                                                                                  | Nytt punkt 7 i <b>arealstrategien:</b><br>Spreidd busetting og fritidsbustader skal ha privat vassforsyning og avløpsløysing. Drikkevatnet skal bli verna mot forureining og ha nødvendige behandlingar for å sikre kvaliteten. Det skal bli etablert fellesløysingar der det er formålstenleg.                                                                                                                                                                                                                                                         |

| JP        | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                             | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Endring i plandokumentet |
|-----------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------|
| <b>31</b> | <b>Renate T. Langerak McShane mfl.</b>                                                                                                                                                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                          |
| 1         | Ber om at følgjande setning frå gjeldande samfunnsdel blir tatt inn i planen: «Fornybar energi skal ikkje vere vindkraft produsert i Bygland.»                                                                                                                     | Dette er ei politisk vurdering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Ingen                    |
| <b>32</b> | <b>Utan namn</b>                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                          |
| 1         | Ber om at Høgre sitt forslag ved politisk vedtak om høyring av planen: «Det skal ikkje bli etablert vindkraftverk eller bli sett av areal til dette i Bygland kommune» blir tatt med i planen.                                                                     | Dette er ei politisk vurdering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Ingen                    |
| <b>34</b> | <b>Naturvernforbundet i Setesdal v. Karin Bøe og Knut G. Austad</b>                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                          |
|           | Ber om at følgjande merknader blir lagt til i arealstrategien:                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                          |
| 1         | Det skal ikkje bli etablert vind- eller solkraftverk i Bygland kommune. Det skal heller ikkje bli sett av areal til desse føremåla.                                                                                                                                | Dette er ei politisk vurdering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Ingen                    |
| 2         | LNF- områda i utmark skal ikkje bli omregulert til industri- eller hytteutbygging.                                                                                                                                                                                 | Industri i LNF-områda i utmark vil gjerne dreie seg om kraftproduksjon. Dette er ei politisk vurdering. Hyttebygging i LNF-områda i utmark er i planforslaget avgrensa til lågstandard hytter i inngrepsnær natur.                                                                                                                                                                | Ingen                    |
| 3         | EU-direktiv, 2001/42/EØF: Forskrift om konsekvensutgreiing av miljøinngrep for kommuneplanen sin arealdel. Dette må gjennomførast med fagkompetanse godkjent av Statsforvaltaren i Agder - i tillegg skal det vera konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova. | Krav om konsekvensutgreiing er lovfesta i plan og bygningslova og i forskrift om konsekvensutgreiingar. Når det gjeld godkjenning av fagkompetanse så seier forskrift om konsekvensutgreiing §18 for kommuneplanar, kan konsekvensutgreiinga bli avgrensa til å gjere greie for verknadane planen kan få på eit overordna nivå. Det er oftast krav om detaljregulering av områda. | Ingen                    |

| JP        | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                           | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 4         | EU-direktiv, 2014/52/EU: Forskrift om konsekvensutgreiing av miljøinngrep ved detaljregulering og sektortiltak - i tillegg skal det vera konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova.                                                                         | Krav om konsekvensutgreiing er lovfesta i plan og bygningslova og i forskrift om konsekvensutgreiingar. Ved detaljregulering gir forskrift om konsekvensutgreiing klare føringar for kva for planar og tiltak som skal ha konsekvensutgreiing.                                                                                                                                     | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 5         | Bygland kommune tek føringa for å få i stand ei fleirkommunal og brei samansett arbeidsgruppe i Setesdal for å reinska Otra-vassdraget i Setesdal for krypsiv. Sekretariatet bør liggja hjå vassdragsforvaltaren og fiskebiologen som har kontorplass i Bygland. | Kommunen arbeider aktivt med problemstillinga og gjennomfører krypsiv-tiltak gjennom vassdragsstyret i øvre Otra. Krypsiv er tema i vilkårsrevisjonen i Otravassdraget som tar tak i framtidig arbeid med problematikken. Tilgang til Otravassdraget er viktig for bulyst og trivsel. Vi tar innspelet til etterretning og gir det meir plass under dei langsiktige målsettingane. | Nytt avsnitt under <b>Eit ønska framtidsbilde:</b><br>Ein unik natur med alt frå vatn, strand og svaberg til skog og høg fjell gir rom for friluftsliv og hausting av naturen. Desse kvalitetane er viktige for næringsliv og bulyst, og tas i vare gjennom god forvaltning og naturvenleg tilrettelegging. |
| <b>35</b> | <b>Linda Omnes mfl.</b>                                                                                                                                                                                                                                          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 1         | Ber om at Høgre sitt forslag ved politisk vedtak om høyring av planen: «Det skal ikkje bli etablert vindkraftverk eller bli sett av areal til dette i Bygland kommune» blir tatt med i planen.                                                                   | Dette er ei politisk vurdering.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| <b>37</b> | <b>Fortidsminneforeininga Aust-Agder lokallag</b>                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 1         | Saknar generelt eit større fokus på kulturminne og kulturmiljø i planen.                                                                                                                                                                                         | Vi ser at kulturminne og kulturmiljø har eit mindre fokus i planen. Satsingsområda er vald ut basert på utfordringsbildet. Det er viktig å ta vare på kulturhistoria i kommunen, det er pågåande prosjekt innan formidling av arkeologi og vikingtida. Dette bør kome tydelegare fram i planen.                                                                                    | Sjå endringane som følgjer.                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| 2         | Ber om tydeleggjering av punkt 12 i arealstrategien: «Sette fokus på å bevare Bygland kommune si historie og kultur- og bygningsarv, samt utvikle dette vidare gjennom god identitetsskapande stadtilpassing til omliggjande busetnad.»                          | Tatt til etterretning.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Endra punkt 12 i <b>arealstrategien:</b><br>Sette fokus på å bevare og utvikle Bygland kommune sin historie og kultur- <b>og bygningsarv, og utvikle dette vidare gjennom god</b>                                                                                                                           |

| JP | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                          | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>identitetsskapande stadtilpassing til omliggande bygningar.</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 3  | Saknar fokus på 'sirkulærøkonomi' som til dømes å bruke det som allereie er bygd. Ei tydeleggjering av punkt 2 i arealstrategien kan styrke dette:<br>«Kommunen vil fokusere på nye bustadkonsept, men skal prioritera ombruk og lys i eksisterande bustader og gardsbruk som står tomme før ein bygger ned andre område.» | Sirkulærøkonomi gjennom restaurering og bruk av eksisterande bustader er ønskeleg for å ta vare på bygningsmiljøa og skape liv i bygdene. I tillegg treng kommunen nye bustadkonsept. Det er lite variert bustadmasse i kommunen. Vi ser begge delar som like viktige. | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| 4  | Saknar fokus på 'stadreparasjon' innanfor område der ein opplever at identiteten og særpreget er i ferd med å bli øydelagt og der desse områda blir planlagt revitalisert.                                                                                                                                                 | Medvit om kulturhistoria og verdiane som er i bygdene er viktig. Vi meiner at identiteten og særpreget har fokus i stor grad i planen.                                                                                                                                 | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| 5  | Synleggjere større fokus på kulturmiljø gjennom å endre punkt 1 under overskrifta <b>Bygland sine fortrinn</b> til: «Verdas beste kommune for natur- og kulturglade menneske! Bygland gir deg fantastiske natur-, kultur- og friluftsupplevingar frå fjord til fjell.»                                                     | Fokuset i punkt 1 er naturkvalitetane. Fokuset på kulturmiljø er styrka i punkt 3. Fokuset på natur- og friluftsupplevingar er styrka under <b>Eit ønska framtidsbilde</b> .                                                                                           | Endring av punkt 3 under overskrifta <b>Bygland sine fortrinn</b> :<br><b>Ein stolt bygningsarv, spennande kulturminne og eit ope og velstelt kulturlandskap.</b><br><br>Nytt avsnitt under <b>Eit ønska framtidsbilde</b> :<br>Ein unik natur med alt frå vatn, strand og svaberg til skog og høg fjell gir rom for friluftsliv og hausting av naturen. Desse kvalitetane er viktige for næringsliv og bulyst, og tas i vare gjennom god forvaltning og naturvenleg tilrettelegging. |
| 6  | Synleggjere større fokus på kulturmiljø gjennom å endre punkt 3 under overskrifta <b>Bygland sine fortrinn</b> til: «Ein stolt bygningsarv, eit frodig kulturlandskap og eit stort potensial for grøn næring.»                                                                                                             | Punkt 2 og 3 er delvis samanfallande i høyringsforslaget. Innspelet er tatt til etterretning med ei lita endring for å få fram meir av verdiane innan kulturminne og kulturmiljøet.                                                                                    | Endring av punkt 3 under overskrifta <b>Bygland sine fortrinn</b> :<br><b>Ein stolt bygningsarv, spennande kulturminne og eit ope og velstelt kulturlandskap.</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|    | Ber om at planen sine satsingsområde får fram noko av til dømes dette:                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |

| JP | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                                           | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 7  | Bygland er stolt av sine flotte natur-, kultur- og fjellmiljø.                                                                                                                                                                                                                   | Dette passar fint under Bygland sine fortrinn, men er ikkje eit satsingsområde.                                                                                                                                                                                                                              | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 8  | Bygland ønskjer gode bumiljø med god tilpassing til lokal byggeskikk og kulturarv.                                                                                                                                                                                               | Dette kjem fram i endringa som er skildra i innspel 2.                                                                                                                                                                                                                                                       | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 9  | Bygland ønskjer å utvikle seg som ein heilårsdestinasjon, med fokus på å styrkje dei lokale kvalitetane slik at kommunen er attraktiv, gjenkjenneleg og sunn å bu i - ein berekraftig kommune som tek i vare næringslivet, arbeidstakarar, natur- og kulturarven, og besøkjande. | Satsingsområda har ikkje fokus på reiseliv og turisme. Under overskrifta <b>Eit ønska framtidsbilde</b> er det sagt litt om dette.                                                                                                                                                                           | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 10 | Bygland ønskjer å spele på lag med natur- og kulturarven.                                                                                                                                                                                                                        | Planen har stort fokus på hovudsatsingar for kommunen, og har derfor ikkje like stor vekt på alle utfordringar som kommunen står over for. Samfunnstryggleik og beredskap er eit kontinuerleg og viktig arbeid. Vi tar innspelet til etterretning og gir det meir plass under dei langsiktige målsettingane. | Nytt avsnitt under <b>Eit ønska framtidsbilde</b> : Ein unik natur med alt frå vatn, strand og svaberg til skog og høgfjell gir rom for friluftsliv og hausting av naturen. Desse kvalitetane er viktige for næringsliv og bulyst, og tas i vare gjennom god forvaltning og naturvenleg tilrettelegging. |
| 11 | Bygland ønskjer å verna om dyrka mark og bruke innmark og utmark til matproduksjon.                                                                                                                                                                                              | Arealstrategien punkt 4 og 8 seier noko om dette.                                                                                                                                                                                                                                                            | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 12 | Kortreist mat og bevaring av kulturmiljøa styrkjer identiteten til Bygland, og er bra for både miljøet og det lokale næringslivet.                                                                                                                                               | Kortreist mat er dekkja under satsingsområde 3 punkt C. Nytt punkt 12 i arealstrategien dekkjer bevaring av kulturmiljøa.                                                                                                                                                                                    | Endra punkt 12 i <b>arealstrategien</b> : Sette fokus på å bevare og utvikle Bygland kommune sin historie og kultur- <b>og bygningsarv, og utvikle dette vidare gjennom god identitetsskapande stadtilpassing til omliggande bygningar.</b>                                                              |
| 13 | Der det er kulturmiljøverdiar, skal ein prioritere ombruk og transformering av bygningar framfor riving. I desse områda skal ein også planlegge og utvikle gjennom god stadtilpassing slik at kvalitetane i den lokale kulturarven blir styrka og ikkje svekka.                  | Dette er omtala under vurdering av innspel 2, 3 og 4.                                                                                                                                                                                                                                                        | Ingen                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |

| JP           | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                     |
|--------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>38</b>    | <b>Olav Grendstad</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                              |
| 1            | Forslag til tilleggspunkt under målsettinga <b>I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet:</b><br>«Å vere eit ope og inkluderande samfunn, og at det kjem til uttrykk i all offentleg informasjon, på nett, på papir, på fysisk skilting, korleis folk blir møtt og korleis ein legg til rette for folk som kjem utan ifrå.» | Innspelet er tatt til etterretning.                                                                                                                                                                                                                                                                              | Nytt punkt F under målsettinga <b>I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet:</b><br>Å vere eit ope og inkluderande samfunn gjennom å førebygge utanforskap, og legge til rette for at alle kan delta i fellesskapet. |
| 2            | Forslag til tilleggspunkt under målsettinga <b>I Bygland har alle ein trygg og god bustad:</b><br>«Å offentleggjere årleg tal på bustadhus i kommunen som ikkje har fast busetnad, og arbeide konkret og målretta for å få dette talet ned.»                                                                                        | Dei prioriteringane som er skildra under den gitte målsettinga skal bidra til å auke talet på fast busette i kommunen. Tilgang på bustadane utan fast busetting er avhengig av privat ønske om å flytte hit eller selje. Private og politiske initiativ har gitt gode resultat, og håpar vi dette kan fortsette. | Ingen                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>39/40</b> | <b>Thor Skjevra</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                              |
| 1            | Ber om at Høgre sitt forslag ved politisk vedtak om høyring av planen: «Det skal ikkje bli etablert vindkraftverk eller bli sett av areal til dette i Bygland kommune» blir tatt med i planen.                                                                                                                                      | Dette er ei politisk vurdering.                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ingen                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>41</b>    | <b>Agder fylkeskommune</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                              |
| 1            | Planforslaget gir eit godt grunnlag for vidareutvikling av Bygland kommune som eit attraktivt, berekraftig og robust samfunn. Fylkeskommunedirektøren er positiv til den strategiske retninga i planforslaget og har berre nokre mindre atterhald til enkelte avsnitt i planen.                                                     | Uttala tas til orientering.                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Ingen                                                                                                                                                                                                                        |
| 2            | Oppfordrar kommunen til å vurdere å innføre eit klimabudsjett i løpet av valperioden. Kommunen bør sette seg eigne klimamål, både intern og for samfunnet, som tar omsyn til kommunen sitt handlingsrom og typar utslepp i kommunen.                                                                                                | Det pågår ei intern vurdering på kva som er kommunen sin mest effektive måte å arbeid med klimaspørsmåla framover. Å innføre eit klimabudsjett blir vurdert.                                                                                                                                                     | Ingen                                                                                                                                                                                                                        |

| JP | Uttale                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Administrasjonen si vurdering                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Endring i plandokumentet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 3  | Nye statlege retningslinjer for mobilitet og arealbruk spesifiserer i avsnitt 3.5 for fritidsbustader at mindre enkeltstående bygg tilpassa omgjevnadene kan tillatast når plasseringa er basert på eksisterande bruk av eigedommen, i tilknytning til eksisterande bygg, og ikkje utløyser behov for ny infrastruktur. Ved plassering av slike hytter må desse faktorane også vurderast i tillegg til kommunen sitt avstandskriterium. Ordinære nye hyttefelt, også med lågstandard hytter, bør skje som utviding eller fortetting i eksisterande fritidsbustadområde. | <p>Kommunen er pålagt å ta omsyn til statlege planretningslinjer. Planen omtalar mykje av tematikken i dei generelle retningslinene, og det er gjort vurderingar basert på lokale utfordringar og moglegheiter. Det er likevel lagt inn ei presisering i punkt 6 i arealstrategien at enkeltstående hytter ikkje skal utløyse behov for ny infrastruktur.</p> <p>Punkt 5 i arealstrategien seier at framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje innanfor regulerte område. Dette kan spesifiserast med allereie regulerte område i heieområda.</p> | <p>Endring av teksta i punkt 6 i <b>arealstrategien</b>: Etablering av enkeltstående lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep, kan bli vurdert i LNF-område som ligg mindre enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep (inngrepsnær natur) <b>og som ikkje utløyser behov for ny infrastruktur.</b></p> <p>Endring av teksta i punkt 5 i <b>arealstrategien</b>: Framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje <b>som utviding eller fortetting i eksisterande fritidsbustadområde</b> i heieområda eller langs Byglandsfjorden.</p> |
| 42 | <b>Bygland sau og geit v. leiar Knut Sigurd Haugå</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 1  | Ber om at følgjande tekst blir tatt inn i for eksempel punkt 13 i arealstrategien:<br>«Kommunen vil legge til rette for aktiv bruk av utmarksbeita.»                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | For å styrke fokuset på ei aktiv forvaltning av beitenæringa, så ser vi behovet for å tydeleggjere at utmarksbeite er ein viktig ressurs som skal tas i vare i møte med ferdsel og hyttebygging i utmark.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Endring av teksta i punkt 13 i <b>arealstrategien</b> : Ein variert landbruksstruktur med små og større bruk. <b>Den kommunale forvaltninga skal legge til rette for aktiv bruk av utmarksbeita.</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |